

Røldal, 27. januar 2026

Fråsegn til saksnummer 202320330 – Votna, folk og villrein

Røldal Bygdalag representerar alle fastbuande over 16 år i 5760 Røldal.

Me i bygdalaget ber om å få leggja fram vår djupe uro og sterke oppmoding i samband med søknaden om pumpekraftverk. Det vart gjennomført ei lokal avstemming om tiltaket, og resultatet syner eit tydeleg standpunkt i bygda: 105 røysta mot vidare utbygging, medan 36 røysta for.

For oss som bur her, er det òg uklårt kven som faktisk står som søkjar i saka, då både Lyse Kraft DA, Røldal–Suldal Kraft DA og Hydro Energi AS er nemnde. Dette opplevest forvirrande. Vidare i denne fråsegna legg me til grunn at Lyse Kraft DA er ansvarleg søkjar.

Røldal Bygdalag har tidlegare sendt innspel i saka. I denne omgang ønskjer vi audmjukt å be om at det vert lagt særleg vekt på konsekvensane for **Røldalsområdet**, og då spesielt for Votna, for oss som bur her, og for villreinen. Me kjenner Suldalsområdet mindre godt og finn det difor vanskeleg å uttala oss detaljert om dette. Likevel er me sterkt bekymra for at også reguleringar der vil påverka villreinen sine livsviktige trekkruiter og framkome.

Den planlagde reguleringa av Votna vil kunna gje vasstandsvariasjonar på opptil fire meter i løpet av eitt døger. Me fryktar at dette vil gjera isen utrygg og ofte landlaus. Når isen ikkje er landlaus, vil han kunna brytast opp i store haugar med opne sprekker. Dette vil gjera ferdsel umogleg – både for menneske og dyr – og i realiteten skapa ei barriere.

Over Votna går det i dag ei mykje brukt og høgt verdsett skiløype, som startar ved Svandalsflotunnelen, kryssar isen og går vidare ned mot Røldal ved kraftstasjonen i Lynghamrane. Denne viktige ferdselsåra vil bli blokkert av reguleringa.

Likeins vil dei som har stolar på feil side av vatnet miste muligheten til å bruke stølane sine.

Endå meir alvorleg er konsekvensane for villreinen. Reinen nyttar isen over Votna vinter og vår for å koma til avblåste beiteområde på nutane, særleg på Gauthedler, og vidare over Svandalsflotunnelen til Tarjebudalen og områda nord for E134. Ei regulering som kan gje opptil seksten meter vasstandsending over fire dagar, vil etter vårt syn skapa ei fullstendig og uoverkomeleg hindring for reinen.

Til slutt ber me om forståing for at Røldal allereie har ofra svært mykje i kraftutbygginga si teneste: Valldalen med sytten stølsbruk, Votna med fire stolar, Ulevåvatnet, Middyr og Røldalsvatnet – midt i bygda, pluss alle elvane og mange bekker. Me som bur her i dag, om lag fire hundre menneske, ber audmjukt om å bli skåna for endå fleire inngrep i form av steinfyllingar, reguleringar og tekniske anlegg.

Me er òg djupt uroa for at eit omfattande veganlegg vil føra til store steinfyllingar på Liamyrane og Seljestad, og at Røldal gradvis vil bli omkransa av slike inngrep frå alle kantar. Dette vil vera eit svært tungt tap for landskapet, naturen og livskvaliteten i bygda vår. Frostskodd i bygda vil og truleg auka grunna denne reguleringa.

Me ber difor innstendig om at det ikkje vert opna for meir kraftutbygging i Røldal – ei bygd som i over seksti år har bidrege med kraftproduksjon til det norske folk.

Med respektfull helsing

Røldal Bygdalag
5760 Røldal

Tor Eivind Nybø
Leiar